

## Tilbakemelding på planmateriale motteke 24.05.2023

Det er fint om de kan sende over alle word-dokument både som pdf- og word-fil.

Svar gjerne i dette dokumentet på korleis de har løyst eller innarbeidd punkta under.

### Eigarforhold:

Dette er ikkje ein del av planmaterialet, men for saksframlegget sin del:

- Korleis ligg prosessen med avklaring av eigarforhold av landarealet i sjøkanten nord-vest for kaia an?
- Kva er siste nytt i prosessen med avklaring av eigartilhøve for kaia?

Vert fylgt opp av båtlaget.

### Illustrasjonsplan:

- Det bør leggest inn meir manøvreringsareal på parkeringsplassen, for at utforminga skal bli mest mogleg realistisk. Det er ikkje mogleg å manøvrere seg inn på plassen som ligg lengst mot aust, og det ser ut til å vere svært knapt med areal til å kome inn på den sør-vestlegaste plassen.

Illustrasjonsplanen er endra. Regulerte båt plassar er redusert til 14 plassar. Eigar av gnr/bnr 129/75 som parkeringsplassen f\_P er lokalisert på er medlem i båtlaget, men skal ha parkering på eigen eigedom utanfor regulert parkeringsplass. Jf. kommuneplanen er det krav om 0,3 parkeringsplass for kvar båt plass. Vidare er det krav om at ein av desse skal settast av til rørslehemma.  $0,3 \times 13 = 3,9$ . Det blir då 4 båt plassar der ein av desse skal vera HC-parkering. Det skal også sikrast ein parkeringsplass til eigar av naustet på gnr/bnr 129/57. Det er altså krav om 6 parkeringsplassar, ein av dei HC. Ein av plassane er lokalisert på gnr/bnr 129/75 utanom parkeringsplassen f\_P. Planframlegget opnar derfor for 5 parkeringsplassar innanfor f\_P.

### Føresegner:

- **Punkt 2.1:**

De har svart «Strøket.» for det som står etter første setning i denne føresegna. Det er ikkje gjort i den siste versjonen de har sendt inn. Eg tilrår framleis at de stryk dette, slik at denne føresegna då lyder:

«Før det vert gjeve midlertidig bruksløyve eller ferdigattest for småbåtanlegget skal f\_P vere ferdig opparbeidd.»

og at dette som kjem etter vert stryke: «Etter at f\_P er etablert skal parkering av køyretøy berre skje på område avsett til parkering eller på eigen eigedom. Anna parkering vert ikkje tillate.» Bakgrunnen er at vi meiner at dette ikkje er eit reelt rekkefølgekrav. Samstundes ligg det i punkt 4.1.5 at kaien til ein kvar tid skal vere fri for parkerte køyretøy, som er det vesentlege vi vil få fram.

Dette er korrigerert.

- **Punkt 3.1.3:**

Endre byggegrensa frå formålsgrensa til å vere i tråd med stipla line, som vil verte lagt inn (jf. tilsvarande punkt lenger nede under *Plankart*).

[Dette er korrigerert.](#)

- **Punkt 3.1.5:**

Det må, som skriv i tilbakemeldinga 19. og 22. mai, gå fram med tekst i føresegnene at alternativa heiter 1 og 2, og vere tydeleg kva som er kva. Vis gjerne til illustrasjonsplanen, der dette går tydeleg fram.

I tillegg må det, som i tilbakemeldinga frå Byggesaksavdelinga, gå fram med tekst i føresegnene at alternativet ved ilandstigning på kaia o\_V2 skal vere førstevalet. Teksta som ligg i planrapporten om dette er bra, men det må også gå fram av føresegnene, sidan planrapporten ikkje er juridisk bindande, og det ut frå føresegnene og illustrasjonsplanen slik det er no, verkar som om alternativa er likestilte.

[Nummerering er lagt inn i illustrasjonsplanen.](#)

- **Punkt 4.2.1:**

- Det må framleis takast ut at støttemurar og sikringsgjerde mm kan etablerast i AVT (ved parkeringsplassen.) Det er samstundes allereie sikra at dette kan opparbeidast innanfor f\_P i punkt 4.4.3. Det må vere areale tilgjengeleg for snøbrøyting og avrenning inntil vegen, som har minimumsbreidde. Då kan det ikkje etablerast stengslar heilt inntil veglegemet.

[Det er nå berre regulert AVT langs privat stikkveg, så vi har lagt til moglegheit for mur og sikringsgjerde her. Det er helt naudsynt å sikre at skal kunne etablerast ein mindre mur, evt. sikring lengst ute mot sjølve parkeringsplassen. Vi kunne sikra i føresegnene at det ikkje skal vera mur eller sikringsgjerde 1,5 meter frå vegkant for avkøyrse i nordaust. Då hadde vi sikra både snøopplag og at ein kan ta opp høgdeforskjell. Dersom snøopplag er naudsynt langs stikkvegen, kan det føyast til i føresegnene at det skal sikrast. \[Ber om attendemelding på dette.\]\(#\)](#)

- **Punkt 4.3.1:**

- Det må framleis takast ut at støttemurar og sikringsgjerde mm kan etablerast i o\_AVG. (Sjå også grunngjeving under punkt 4.2.1.) Finnast AVG lenger? Viss, så gjeld det same som for o\_AVG, og viss ikkje, kan det fjerne AVG frå føresegnene.

[Dette er korrigerert. AVG er fjerna frå føresegnene.](#)

- **Punkt 4.4.4:**

- Eit lite ord for mykje, som kan strykast: «Innanfor f\_P skal minimum ~~av~~ 1 av 6 parkeringsplassar vere tilrettelagt for rørslehemma.»

Dette er korrigerert.

- **Kapittel om juridisk bindande dokument:**

- Vi ber om at det blir lagt inn ei kapitteloverskrift for det som gjeld juridisk bindande dokument. De kan nytte overskrifta som ligg i den nasjonale malen for føresegner: «*Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene*».
- Plassering av flytebrygge, innanfor stipla line, må settast som juridisk bindande.

Dette er lagt inn i føresegnene.

- **Byggegrense flytebrygge med bølgedempar:**

- Føresegnene må oppdaterast med ny byggegrense for flytebrygge med bølgedempar.

Dette er korrigerert. Sjå punkt 3.1.3.

- **To ulike kapittel i føresegnene har same nummerering:**

- Kapittel 3.1, med nummerering 3.1.1, 3.1.2 osv går igjen to gangar – både for skildring av SMB og SMS. Vi ber om at dette vert endra.

Dette er korrigerert.

<b>Plankart:</b>
------------------

Regulert småbåtanlegg har redusert storleik, og forankringssone er tilpassa dette og justert litt mot nord.

- Etter å ha snakka om byggegrense for SMB på telefon 24.05.2023, endrar de denne frå å ligge i formålsgrensa, til å legge inn stipla line som viser maksimal utstrekning for sjølve flytebrygga/bølgedemparane.

Byggegrense er lagt inn i plankartet.

- Det må framleis, som opplyst 19. mai, leggest inn frisktzone i plankartet ved f\_P. Den som ligg i plankartet er plassert ved tidlegare, eksisterande avkøyrsløse til parkeringsplassen.

Frisiktsoner er lagt inn.

- Etter dykkar tilbakemelding frå 24. mai om at landarealet vest for kaien ikkje skal vere ein del av SMB, men er ein del av SMS, ber om at de legg inn arealformålstekst SMS på det oransje landarealet vest for kaien. Utan dette kan dette arealet i plankartet lesast både som SMB, SMS og UNB. Dette må også endrast i føresegnene, der kontaktpunkta for flytebrygga no ligg under

SMB. De må også tydeleggjere i kva del av dei to adskilte SMS-områda i plankartet koplingspunkta kan leggest i.

SMS1 og SMS2 er lagt inn i plankartet for å skilje områda.

#### Planrapport:

Nokre utegløynde merknader er no kommentert. Det er lagt til snøbrøyting i første avsnitt s. 37 i planrapport.

- Den indre farleia og kulturminne må omtalast breiare i planrapporten. Den indre farleia kan gjerne leggest under kap 8.7 – Kulturlandskap og kulturminne. Fylkeskommunen sin merknad datert 21.04.2023 går inn på fleire moment knytt til den indre farleia og kulturminne, og desse bør – i tillegg til kommentaren dykkar til denne merknaden – svarast meir utfyllande på gjennom kap 8.7.

Den indre farleia er breiare omtala, og relevante moment frå Vestland fylkeskommune sin merknad knytt til dette er svart betre ut.

- **Konsekvensutgreiing:** Konsekvensutgreiingsdokumentet datert 05.05.2015 er utdatert, sidan småbåtanlegget i Nappevika på dette tidspunktet ikkje låg inne i KDP Lindås. Dette dokumentet skildrar eit utgangspunkt som ikkje lenger er gjeldande, og difor ber vi om at dette dokumentet ikkje lenger følger planen, men at all relevant informasjon knytt til konsekvensutgreiing ut frå dagens forhold vert lagt i planskildringa. De kan eventuelt omtale at det vart gjort ei vurdering ut frå eit anna utgangspunkt i første runde. Den utfyllande teksten som er lagt i kap. 4.2 i planrapporten er bra, men må også fyllast ut med ei vurdering av den typen som ligg i dokumentet frå 2015, men då med utgangspunkt i at arealet som er sett av til flytebrygge i dag er i tråd med overordna plan.

KU-vurderinga er teke bort frå vedleggslista, då den er utdatert. Under kap. 3.2 er krav om vurdering etter Forskrift om konsekvensutgreiing omtala, no noko meir utfyllande. Siste setning der ein viser til tidlegare KU-vurdering er teke bort.

#### SOSI-fil

Vi ber om at de sender over ny SOSI-fil når aktuelle endringar over er innarbeidd i plankartet.

Den fylgjer vedlagt